


Krinsløpet til vatnet


Heldigvis for livet på jorda så går vatnet i eit kontinuerleg krinsløp. Dette krinsløpet blir drive av solenergi.

Vatnet vekslar mellom å vere flytande, gass og fast stoff. Det er sola som sørger for krinsløpet til vatnet. Når sola skin på vatn, hav og innsjøar, blir det så varmt at noko fordampar og svevar opp i lufta.

Fordampa vatn er usynleg, og du kan ikkje sjå at det stig. Oppi atmosfæren er det kaldt, og dampen blir avkjølt. Vi seier at vatnet kondenserer. Då blir det skyer. Inni skyene blir vatnet til vassdropar og is. Vinden blæs på skyene og flyttar dei rundt på jordkloden. Når dropane blir tunge, fell dei ned til bakken som snø eller regn.

På bakken varmar sola opp vatnet endå ein gong. Noko av vatnet fordampar og stig til vêrs igjen. Slik går vatnet på jorda rundt og rundt i eit krinsløp.





Kondensering

Du treng

Ein iskald mjølkekartong med iskloss eller isbitar i.

Forarbeid

Tøm og skyl mjølkekartongane til elevane. Fyll dei halvfulle med vatn.
Set dei i frysaren.

Hypotese

Kva trur du skjer med mjølkekartongen når han har stått ute i klasserommet i ti minutt?




Framgangsmåte

Ta mjølkekartongane raskt ut og studer korleis yttersidene er og ser ut idet dei kjem ut av frysaren. La kartongane stå ute i det varme klasserommet i ti minutt. Sjekk kva som har skjedd då!

Dette skjedde

Fortel kva du opplevde og såg med mjølkekartongen.






Kva skjer med vatnet?

Utstyr

- Ein glasbolle
- Kaldt vatn
- Plastfolie/gladpack
- Solskin

Framgangsmåte

- Fyll litt vatn i botnen.
- Dekk toppen av bollen med eit lag plastfolie.
- Set bollen din i solskin.



Kva trur du skjer med forsøket ditt?

Skriv kva du trur vil skje.




Dette skjedde

Skriv og teikn kva som skjedde med bollen i sola.




Forklaring






Saltvatn i strålingsenergi



1.
 - Klipp av botnen på ei plastbrusflaske.
 - Klipp tre hakk i den øvste delen.
 - Behald korken på flaska.




2.
 - Juster og klipp flaskedelane slik at dei kan setjast saman igjen utan store glepp.
 - Den øvste flaskedelen skal på innsida av botndelen.



3.
 - Klipp av toppen på ein brusboks.
 - Vel ein boks med mørk farge.




4.
 - Bland vatn og salt i boksen.



5.
 - Set brusboksen med saltvatn i den avkutta botnen.
 - Set toppen på brusflaska over.
 - Pass på at det er tett.
 - Set flaska på ein varm stad og observer flaska i veka som kjem.
 - Ta bilde undervegs.



Oppgåve

- Gjer arbeidsarket som høyrer til dette forsøket.
- Samarbeid med ein læringsvenn om kva de trur skjer i forsøket.



Saltvatn i strålingsenergi

Dette utstyret treng du:



Eg trur dette skjer inne i flaska:



Dette skjedde inne i flaska:

